



AUSTRHEIM KOMMUNE
Sætre marka 2
5943 AUSTRHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Austrheim - 160/22 Klauvholmen - tilkomstveg - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 09.09.2022. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-formålet i kommuneplanen og frå byggeforbodet i strandsona, for bygging av ein 175 meter lang veg til ein fritidsbustad. Søknaden er grunngjeve med fluktveg ved skogbrann og at ein ønsker å ta ut skog, for å få tilbake landskap med lynghei som var på Klauvholmen for om lag 50 år sidan.



Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert frå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

LNF-områder skal i utgangspunktet vere ubyggd, med unntak av naudsynte tiltak for landbruket. Det skal takast omsyn til landbruk, natur og friluftsliv. I 100-metersbeltet langs sjø skal det alltid takast særleg



omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser jf. pbl. § 1.8 fyste ledd. Strandsona skal generelt haldast open og privatisering og nedbygging skal unngåast. Forbodet i § 1-8 andre ledd skal vege tungt. Eventuelle avvik frå dette forbodet skal som hovudregel skje gjennom ordinær planlegging, ikkje som dispensasjon, jf. Ot.prp.nr 32 (2007-08).

I denne saka er det naudsynt med dispensasjon frå både LNF-formålet og frå byggeforbodet i strandsona jf. pbl. § 1-8. Det står i søknaden at vegen skal liggje lett i terrenget og inngrepet skal vere så lite som mogleg. Det er ikkje opplyst kva inngrep som er naudsynt, for å anleggje vegen. Det er ikkje lagt ved teikningar som viser fyllingar og skjeringar. Vi vurderer at saka ikkje er godt nok opplyst når det gjeld inngrep. Verknad av tiltaket på landskapet er ikkje klart.

Ein 175 meter lang veg, med 2,5 til 3 meters bredde er i utgangspunktet eit stort tiltak, for å få køyreveg til ein fritidsbustad. Vi vurderer dette som dårleg arealdisponering. Det er ikkje naudsynt med køyretilkomst til alle fritidsbustader, og ofte er inngrep av veg til fritidsbustaden større enn for sjølve fritidsbustaden.

Sjølv om ein ikkje har tenkt å setje opp privatiserande skilt ved vegen, er det likevel slik at ein veg til ein privat fritidsbustad vil oppfattast som meir privatiserande enn ein sti. Vi meiner slik sett at tiltaket vil auke privatiseringa i strandsona, og vil føre til at området vert meir bygd.

Tiltakshavar skriv at han ønsker å nytte vegen for å kunne ta ut trær, mellom anna sitkagran, og at tiltaket vil vere bra for naturmangfaldet. Vi oppfatar tiltaket til primært å vere ein veg til fritidsbustaden, og ikkje ein veg for å ta ut tømmer.

Vi ber om få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN